



Aktiv saman

Dato: 19.03.2015  
Vår ref.: 2014/549-19  
Saksbehandlar: hanespe  
Dykkar ref.: «REF»

## Aktiv saman - referat frå styremøte 16. mars 2015

### Evaluering

Styret fekk utdelt eit samandrag av evalueringsinnspel som var komen inn (i etterkant har eg sett at Sverre/Askøy også har sendt inn saman med ei rekkje rapportar og dessverre ikkje lagra riktig).

Vi tok ein runde rundt bordet med kommentarar til innspela og til evaluering av prosjektet. Kva vi tenkjer er gjennomført og kva vi ser for oss som vidareføring av prosjektet. Stikkord frå denne runden;

- Forankring internt i kommunane
- Hente meir på å involvere målgruppa
- endå tettare samarbeid med kommunane – det har ikkje fungert
- For langt unna fagfeltet i kvardagen...
- Vanskeleg å få deltaking på arrangement/aktivitet over kommunegrensene
- Best på happenings
- Det er dei som er engasjert som får ting til..
- «trå vannet»
- Konflikt med bruk av frivillige

### Nettverk

Aktørane er veldig interessert i vidare samarbeid og meir involvering av kommunane

Vi må ha meir fokus på kvardagsaktivitet

- tiltaka kjem nok til å fortsette uavhengig av prosjektet (t.d. gjennom fattigdomsmidlar)

Organisering av prosjektleiarrolla. Det vart lagt forslag på bordet om at ansvaret kunne førast over til Hordaland idrettskrets. Fylkesidrettssjefen vil følge dette opp og det vert sett på agenda på neste styremøte for endeleg konklusjon.

Område/hendingar vi kan fokusere på og knytte aktivitetar opp mot;

**Friluftslivets år 2015** – er mogleg å kople seg på nasjonale satsingar. Det skal m.a. lanserast ein kursmodul (nettbasert) om Allemannsretten.

**Sykkel VM 2017** – Det vil vere mykje fokus på sykkel på alle nivå i tida fram mot sykkel-VM. Vi kan gripe fatt i dette og involvere målgruppa i denne satsinga.

Korleis skal vi fordele midlane for 2015?

- Ikkje nye aktørar, men breiare tilbod
- Viktig med profilering? Vil gjerne halde på Aktiv saman!
- Regional utviklingsaktør – tilby «pakkar»
- Midlar til å jobbe ein til ein

- Arrangere ein dagskonferanse – HIK v/ Stig lagar forslag til budsjett og tek hovudansvar for arrangementet.
- Brosjyre/faldar/nettside/app – Lennart og Sverre lagar ei skisse over økonomi og innhald. Ta med alle aktørane. Felles promotering/koordinering

**Aktivitetstilgjengjelyng, FRIST: 15. april.** Aktørane i prosjektet kan søkje.

Britt Karen Spjeld  
Fylkesidrettssjef

Hanne Espe  
Rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*